

# Storsendaren til Vigra?

*Truleg – segjer dosent Midtun – men slett ikkje avgjort.*

**Vanskeleg for lydarane her i tilfelle å få utlandet på vanleg apparat.**

**Riksprogramsjefen uttalar seg til Sunnmørsposten.**

Millom deltakarane i skogmøtet er ogso programsjef Midtun i kringkastinga. Ein av Sunnmørspostens medarbeidarar har havt ein samtale med han om ymse kringkastingsspørsmål.

- Korleis gjeng det med den nye stor-sendaren og planane om å leggja han til Vigra? Spør vi.

- Eg har som programsjef ikkje noko med den sak å gjere, svarer herr Midtu. Der er eit reint teknisk spørsmål, og slett ikkje noko lokalspørsmål. Det gjeld korleis vi best kan forsvare bølgelengda vår i den sterke kampen der no er ute i eteren. Og her kan ein segja at Vigra ligg godt til. Stasjonen rekk alt no lang, særleg mot sud, aust og nord, og Vigra har difor mange fyremonar. Men elektrisitetsleveringa er eit avgjerande punkt.



- Spørsmålet om kvar storstasjonen skal liggja, er slett ikkje avgjort enno. Men ein kan segje so mykje som at den truleg vert lagt til Vigra.

Elles er det slik at folk gjer seg mykje gale meininga rop om korleis forsterkinga av stasjonen kjem til å virke. Mange truar at når han vert ombygt frå 10 til 100 kw., so skal han nå ti gonger så langt. Slik er det nok ikkje. Ein kan kanskje segje at han kjem til å rekke omlag ein fjerdedel lenger no.

Men for Dykk som ligg nære innpå stasjonen, vert han i

tilfelle mykje sterkare enn før. Og for lydarane her kan ein ikkje med at det vert berre til glede. Vigra kan nok i tilfelle bli so sterk, at det vert vanskeleg for vanlege apparat å taka utlandet, medan storstasjonen sender.

- Kan De segje noko om dei liner Dykk arbeider etter i programtenesta?

- Ja, ein kan segje at vi mest mogleg freistar å få heile landet med i sendinga – både bygdene og byane. Eles har vi som mykje bruk for program at det i grunnen er slik at alt det som virkeleg er godt, vert nytta. Men so må ein då hugse på at kvalitetskravet på mange område er store. Det skal til dømes mykje til for å få so god song og musikk utanifrå, som vi kan skaffe han inne i studio.